# Arbeidsplan 2025

DNT si visjon er *Turopplevingar for livet*. Dette ligg til grunn for IST sitt arbeid.

Indre Sunnfjord Turlag har som mål å:

- Tilby naturopplevingar i trygge rammer for alle aldersgrupper
- Auke kapasitet og kompetanse på turleiar-/aktivitetsleiarsida
- Arbeide systematisk med rydding og merking av turruter
- Vere synlege og tilstades i lokalmiljøet

2025 er friluftslivets år. IST vil i stor grad halde aktiviteten som normalt. Mål om ein aktivitet kvar dag under friluftslivets veke.

| Kategori | Tiltak | Målepunkt |
|---|---|---|
| **1. Hyttedrift** | Drift og vedlikehald av dei tre hyttene våre Massbu, Nipebu og Longevasshytta.<br><br>Gjennomgå og oppdatere rutiner med nytt styre og tilsyn etter årsmøtet. | **Longevasshytta:**<br>Tilsyn og årleg dugnad. Utbetring av lekkasje ved vindauge i stova, skifte av slangar og regulatorar på gassflasker. Stige til seng.<br><br>**Nipebu:**<br>Tilsyn og årleg dugnad. Prøveprosjekt med DNT-nøkkel på hytta. Ev innkjøp av gassomn til soverom.<br>Planlegging for utviding av sikringsbu. Vurdere behov for skift av vindauge. Sjå på moglegheit for innlegging av vatn. Stige til seng.<br><br>**Massbu:**<br>Tilsyn og årleg dugnad. Skifte trekk på alle madrasser. Bekjempe skadedyr i treverk.<br><br>**Felles:**<br>Ta i bruk appen Hyttebetaling<br>Auka bruk av hyttene<br>Vurdere ev innspel på nye hytter<br>Marknadsføring: Betalt annonsering på SoMe |
| | | |
| **2. Sti- og merking** | Stivertordning for kontinuerleg vedlikehald av turstiane våre | **Stivertordning:**<br>Få på plass stivertar på alle stiar og bruer IST har ansvar for.<br><br>**Rydding og merking:** |

| | | |
|---|---|---|
| | Rydding og merking på prioriterte DNT-ruter.<br><br>Innhald på UT.no | - Remerking Massbu-Nipebu, Vonavatnet – Longevasshytta.<br>- Skilt Rivedal -Nipebu / Ålhus-Longevasshytta / Årdal (rutene til hyttene våre)<br>- Opprusting av stien Fossevika-Nedre Fossedal og punktutbetring ved Dalsstølen<br>- T-merke (remerking) Rørvikfjellet- Venevassegga<br>- Ekstra klopper ved Nordre Heia<br>- Bru ved Langedalselva i Stardalen.<br>- Vedlikehald av stien langs Stegsvatnet (til Longevasshytta).<br>- Eg gjekk ein tur på stien<br>- Ev andre mindre tiltak<br><br>6-8 deltakarar på stimerkekurs.<br><br>**UT.no:**<br>Innhaldsansvarleg i kvar kommune/bydel. Vidareføre arbeid frå 2024 med å systematisk gjennomgå alle turmål og turomtalar i vårt område. |
| | | |
| **3. Aktivitetar** | Fellesturar<br><br>Tilby turar og aktivitetar til alle aldersgrupper gjennom heile året, og elles fellssamlingar der friluftsliv er tema. | Gjennomføre 20-30 varierte helgeturar som ikkje fell inn under ei organisert undergruppe. |
| | Tysdagsturar | Tysdagstur kvar veke f.o.m april til oktober<br><br>Kick-start med føredrag av Inge Kjell Holme |
| | Natur & Kultur | Samarbeid med Førde historielag om 6-8 ettermiddagsturar. |
| | Bre- og Fjellsport | Gjennomgang av bre- og klatreutsyr, innkjøp av nytt.<br>Dokumentere rutiner for vedlikehald av utstyr.<br>5-10 Fjellsportaktivitetar |
| | FTU | Samarbeid med NFU Sunnfjord om 6-10 friluftsliv tilrettelagt -arrangement. |
| | U40 | Samarbeid med Sunnfjord U40 om 5-8 arrangement for Unge Vaksne |
| | DNT ung | Tilbod om opptur til alle 11 skulane i vårt dekningsområde.<br><br>Friluftsskule i Askvoll.<br><br>Nydanning av DNT ung Sunnfjord, 5-8 aktivitetar. |
| | Barnas Turlag Førde, Fjaler, Naustdal, Gaular og Askvoll. | Kom Deg Ut- dag vinter og haust i alle BT-lag.<br><br>Turbotrim i Askvoll, Fjaler og Førde.<br><br>20 -30 arrangement gratis og ope for alle<br><br>Rekruttering av frivillige |
| | Kurs- og kompetanseheving for frivillige turleiarar | 4-6 deltakarar på grunnleggjande turleiarkurs<br>6-10 deltakarar på aktivitetsleiarkurs<br>6-10 deltakarar nærturleiarkurs<br>2-4 deltakarar sommarturleiarkurs<br>2-4 deltakarar NF 16-timar førstehjelp. |

| | | |
|---|---|---|
| | | 6-8 deltakarar NF dagskurs førstehjelp.<br>10-15 deltakarar kart- og kompasskurs<br>2-4 deltakarar på vinterturleiarkurs |
| | Titur Dalfjorden & TiTur Sunnfjord | F.o.m. april/mai t.o.m. oktober 2025. |
| | Utlån av utstyr og kanoar | Tilby DNT-medlemmer gratis lån av kanoar og breutstyr.<br>Utbetre rutiner for utlån av utstyr. |
| | Fersking i friluftsliv | Tilby innvandrar/flyktningar grunnleggjande opplæring i friluftsliv i samarbeid med Sunnfjord Kommune og Flyktningtenesta. |
| | | |
| **4. Organisasjon** | Ta i bruk frivilligsystemet og DNT trygg som dokumentasjon og oppfølgingsverktøy | Få alle aktive frivillige og deira kompetanse registrert i nytt system.<br><br>Risikovurdere dugnad og aktivitet i DNT trygg. |
| | Internkontroll og beredskap | Dokumentere rutinar i IST knytt til aktivitetar, utstyr, dugnad og hytter.<br><br>Beredskapsøving. Sørge for at alle frivillige er kjend med rutiner for varsling. |
| | Medie- og kommunikasjon | Alle IST sine turar og aktivitetar skal publiserast i aktivitetskalender på heimeside. Desse vil også synast på friluftslivetsar.no og etter kvart koplast mot Friskus/Ungfritid slik at det er synleg på plattformer utanfor eigen organisasjon.<br><br>Nytte SoMe (facebook og instagram) for påminning om kommande turar og aktivitetsrapport.<br>Betalt annonsering på aktivitetskalender og hyttene våre.<br>Auke bruk av video/reels under aktivitet<br><br>Vere synlege på stand ved minimum 2 ulike arrangement.<br><br>Invitere media til å dekke 2-4 arrangement/tiltak gjennom året.<br><br>Bestille inn nye banners og roll-up til å ha med på arrangement saman med enkle flyers. |
| | Samarbeid og nettverkarbeid | Delta på årlege møter med kommunane og i samarbeidsforum knytt til frivillig arbeid og friluftsliv.<br><br>Utvikle samarbeid med lokale lag, organisasjonar og nettverk som Norsksenteret, U40, NFU, og andre relevante organisasjonar eller kommunale instansar.<br><br>Gjennomføre 2-3 temakveldar med sentrale problemstillingar for trygt friluftsliv<br><br>Delta på sentrale og regionale samlingar internt i DNT.<br>Styrke samhald blant frivillige i IST m.a. med å arrangere frivilligfest. |
| | Medlemsverving | Mål om å auke til 1900 medlemmer i 2025. |